

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Knut Vidar Svanheld
Arkivsaksnr.: 20/262-28

Arkiv: K53 &56

Privat detaljreguleringsplan - Massedeponi Lie plan-id 2020005

Rådmannen si tilråding:

1: Plan- og forvaltningsstyret sluttar seg til rådmannen sine tilrådingar knytte til inntømne merknader og tilrår følgjande tillegg til føresegnene:

Tillegg til §4 a.) *Driftsplanen skal vise naudsynte tiltak for å motverke avrenning til vassdrag/Dalselvi.*

Nytt punkt §4 h): *Det er berre tillate å deponere reine organiske massar som stein, grus, jord og plantemateriale.*

2: Plan- og forvaltningsstyret rår til at kommunestyret gjer slikt vedtak: «I medhald av § 12-12 i plan- og bygningslova, godkjenner Luster kommunestyre reguleringsplan for Massedeponi Lie.»

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg:

1. Saksframlegg sak 50/21
2. Plankart
3. Planføresegner
4. Planomtale
5. ROS-analyse

Uprenta vedlegg:

Samandrag:

Forslag til detaljreguleringsplan for Massedeponi Lie plan-id 2020005 har vore ute til høyring/ offentlig ettersyn. Det har kome inn få merknadar, og rådmannen meiner planen er tilstrekkeleg gjennomarbeidd for at den vedtakast.

Utval som har vedtaksmynde:

Plan- og forvaltningsstyret for det som gjeld handsaming av merknadar, jf. reglane i delegeringsreglementet knytte til § 12 i plan- og bygningslova.

Kommunestyret for det som gjeld vedtak av reguleringsplan, jf. § 12-12 i plan- og bygningslova.

Fakta:

Luster kommune har motteke forslag til privat reguleringsplan frå grunneigar Rolf Lie, der føremålet med planen har vore tilrettelegging for eit massedeponi. Lie har massetak/ steinbrot i nærområdet, og har sett behovet for også å ha eit deponi. Her skal han deponere reine, sorterte mineralska og organiske materiale. Sorterte massar som kan brukast opp att skal omsetjast saman med masser frå massetak/ steinbrotet.

Plan og forvaltningsutvalet i Luster kommune gjorde i møte 23.06.21 (sak PF-50/2021) følgjande samrøystes vedtak:

Plan- og forvaltningsutvalet i Luster kommune vedtek med heimel i plan- og bygningsloven §12-14 å legge forslag til detaljreguleringsplan Massedeponi Lie med føresegner datert 06.07.2021, ut til offentlig ettersyn.

Planforslaget vart sendt ut til høyring og offentlig ettersyn i tidsrommet 02.07.21 – 20.08.21. Følgjande kom med merknadar til planforslaget:

1. Statens Vegvesen

Vegvesenet viser til sin merknad ved varsel om oppstart av planarbeidet, og har ikkje ytterlegare merknadar enn dette. Til oppstartsvarslet viste SVV til at det vert auka bruk av eksisterande kryss mellom fv 55 og Morki. Dei ventar at avklaring av denne bruken vert gjort med Vestland fylkeskommune. Dei viser elles til vegnormalane, og generelt til at utfordringar knytt til veg og plan vert tilstrekkeleg utgreidd i ROS-analyse og plan generelt.

Kommentar:

Rådmannen meiner planen legg tilstrekkelege føringar for trafikale løysingar og sikkerheit. Då krysset mot fv 55 ikkje er ein del av planområdet, styrer heller ikkje planen løysinga her. Rådmannen legg til grunn at det vert avklara med Vestland fylkeskommune om utvida bruk av avkøyringa frå fv 55 ved etablering av tiltaket.

2. Statsforvaltaren i Vestland

Statsforvaltaren viser til at tiltaket ikkje er i tråd med overordna plan, og konstaterer at kommunen ikkje har vurdert tiltaket til å vere av ein slik karakter at det fell innunder KU-forskrifta.

Statsforvaltaren tilrår at det i reguleringsføresegnene skal takast med kva slags massar det er snakk om, og presisere at det er snakk om reine organiske massar. Dei viser også til at det er viktig at det ikkje vert avrenning og partikkelureining via bekkeløpet i området og til Dalselvi, og føreset at det i nødvendig grad vert teke inn krav om tiltak for å unngå dette.

Statsforvaltaren ser det som positivt at det vert lagt opp til gjenbruk av massane. Avslutningsvis peikar Statsforvaltaren på følgjande:

Overskotsmassar som jord- og steinmassar, tre/røter/stubbar frå utbyggingsområde og andre anleggsarbeid er å rekne som næringsavfall, sjølv om massane ikkje er ureina av helse- eller miljøfarlege stoff ("reine"). Næringsavfall skal leverast til godkjent mottak dersom det ikkje kan gjenvinnast. Godkjente mottak er mottak/anlegg som har løyve etter ureiningslova. Ved etablering av deponi for reine organiske massar må det avklarast med Statsforvaltaren om tiltaket krev søknad og løyve etter ureiningsregelverket. Slik søknad skal i så fall sendast til Statsforvaltaren.

Kommentar:

Når det gjeld det siste, så viser rådmannen til at tiltakshavar må sørge for å ha tilstrekkelege løyver på plass med omsyn til ureining, og legg til grunn at tiltakshavar kontaktar Statsforvaltaren med omsyn til om tiltaket krev løyver gjennom ureiningsregelverket.

Elles vil rådmannen tilrå følgjande tillegg til føresegnene:

Tillegg til §4 a.) *Driftsplanen skal vise naudsynte tiltak for å motverke avrenning til vassdrag/ Dalselvi.*

Nytt punkt §4 h): *Det er berre tillate å deponere reine organiske massar som stein, grus, jord og plantemateriale.*

3. Vestland fylkeskommune

Fylkeskommunen viser til dei faktiske forholda knytt til planen, og til at dei ikkje har ytterlegare merknadar enn til deira brev knytt til oppstart av planarbeidet. Samferdselsavdelinga legg til grunn at geometrisk utforming og sikt i kryss mot fylkesvegen stettar krav til lastebil i N100, veg og gateutforming.

Kommentar:

Rådmannen viser til at det er eit godkjend steinbrot attmed planområdet, og legg til grunn at nemnde avkøyring stettar krav til transport med lastebil, då det i dag er jamn transport av massar ut av området. Rådmannen ser også at ein kan få fleire situasjonar der massar til deponiet kjem med returlass der det tidlegare er køyrt ut massar frå steinbrotet.

Vurdering:

Rådmannen viser til at det har vore lite merknadar til planen, noko som viser at den ikkje er spesielt konfliktfull. Rådmannen viser dessutan til at dette er eit tiltak med eit tilbod som det er viktig at er i kommunen. Rådmannen rår difor til at planen vert vedteken med tillegg som kommentert og skissert i forslag til vedtak.

Det vert elles vist til vedlegg 1-5 for ytterlegare informasjon og vurderingar av saka.

Dato: 02.09.21

Jarle Skartun
rådmann

Knut Vidar Svanheld
Plansjef

Særutskrift skal sendast:
m/kopi til: